



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Aktivitetsleiar/klubbarbeidar- 30% engasjement

### Stillingsinformasjon

Meland kommune søker deg som vil vere med å utvikle UNG Meland til ein meningsfull arena for ungdom i aldersgruppa 13 - 18 år.

Engasjementet varar frå 16.10.2017 - 30.06.2018.

### Arbeidsplass

Ung Meland er eit initiativ frå kulturtenesta i Meland kommune for å skape aktivitet for ungdom i kommunen. Ung Meland driv i lokale sentralt på Frekhaug, samt ulike plassar i kommunen.

### Arbeidsoppgåver

Arbeid med ungdom på faste klubbkveldar og enkeltarrangement. Arbeidsoppgåvene omfattar generelt miljøarbeid og fritidstiltak. Du er ein tydeleg vaksen med interesse og engasjement for å skapa eit godt ungdomsmiljø i Meland. Du må vere venleg, løysingsorientert og kreativ, samtidig som du kan sette grensar og arbeide innanfor UNG Meland sine målsettingar og rammer. Du er ein idèrik, tålmodig og samarbeidsvillig person som er god til å organisera.

### Kvalifikasjonskrav

Erfaring med arbeid blant unge og god innsikt i ungdomskulturen. Ønskjeleg med utdanning som barne- og ungdomsarbeider.

Søklarar utan formell kompetanse kan òg søkje.

Meland kommune har nynorsk som administrasjonsspråk.

Personleg eignetheit for stillinga vil verte vurdert

Kvelds- og helgearbeid må påreknast, samt arbeid i nokre av skuleferiane.

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 14.09.2017

Utløst dato 29.08.2017

Vårref

707/17

### Kontaktperson

Eirik Bouwer Utne, Tenesteområdeleiar kultur, tlf: 56171059, mobil: 93413089, eirik.utne@meland.kommune.no